

Protokoll Styremøte nr. 09/2023

Innkalla: Torbjørn, Tone, Herborg, Simon, Elise, Elias, Synnøve

Fråverande:

Skrivar: Elise

Dato: 22.5.2023

Stad: Kværnerbyen / Teams

Sak 1 – Oppsummering og evaluering 17. mai

Vedtak: Styret set ned ei eiga 17. mai-nemnd til hausten.
Styrets evaluering blir oversendt nemnda for vidare arbeid.

Sak 2 – Framsyningar

Vedtak: Elise har ansvar for oppdraget på Arbeidermuseet 17. juni, og for å prøve finne nokon til å vere organisator før me kan sei ja.

Sak 3 – Bygdøystemnet 4. juni

Framsyningar:

Kl. 11: Finnskogspols og Kørstdans på Ampiansbråtan

Kl. 15: "17. mai-program" på Torget

Vedtak: Torbjørn lagar påmeldingsskjema og har ansvar for framsyningane på stemnet.

Sak 4 – Musikkfest i Schouskvartalet 3. juni – BLS 100 år

Vedtak: Styret tek programmet til orientering og oppmodar medlemmer om å delta

Sak 5 – Oppfølging av arbeidsplan og andre styrevedtak

Vedtak:

- TrøBUL: Tone spør Signe C. om å være hovudansvarleg for gruppa til hausten. Torbjørn og Simon kallar inn Audun til møte om fordeling av ansvar for ungdomsgruppene.
- Landskappleiken: Leikarringen dekkjer medlemsavgifta for medlemmar som deltek med BULder og brak senior i lagdans.
- BLS-framsyning 28. oktober: Tone kontaktar Vegard for avklaring og held i saka.
- Filming til danseprosjekt: Framlegg om 14. november. Torbjørn avklarar med Vegar og Torunn. Øvrige orienteringar blir tatt til vitande.

Sak 6 – Offentleggjering av styrevedtak

- I dei etiske retningslinjene for BUL og NU står det at me skal vere transparente og opne om vedtak som blir gjort. M.a. skal me eigentleg offentleg gjere *protokollane* (ikkje referat) frå styremøta våre. Korleis skal me gjere dette? Må me endre rutineane våre for innkalling, sakliste, sakpapir og referat på noko vis?

Vedtak: Frå og med styremøte 08/2023 blir det ført vedtaksprotokoll frå styremøta. Desse blir godkjent på påfølgjande styremøte før dei blir lagt ut på nettsida.

Sak 7 – Ope ordskifte om Leikarringens framtid

Vedtak:

- Styret ønskjer å etablere ei ny «nerdering» på onsdagar i partallveker for å ikkje kollidere med Hallinglaget. Torbjørn avklarar tidspunkt og lokale med kontoret. Gruppa

skal vere for erfarne dansarar som og er aktive dansarar på tysdagane. Evt. Krav og innhald på øvingane blir bestemt på eit seinare møte.

- Styret ønskjer at TrøBUL skal bli ei sjølvstyrt ungdomsgruppe med eige budsjett. Dei får til å begynne med 15 000,- ut året i budsjett. Ein frå gruppa får invitasjon til å delta på styremøta i Leikarringen, men på deira eigne premiss.
- Styret ønskjer å inkludere fleire medlemmar i lagsdrifta gjennom nemndsarbeid. Første steg er å invitere medlemmar med til å ta ansvar for «kosen» på hyttedansen, og evt. på øvingane utover hausten.
- Informasjonsbolken på øvingane blir flytta frå slutten av øvinga til før pause